



Nivå 1

Test i taloppfatning

Instruksar for gjennomføring av testen:

For elevane som nyleg har starta på 1. trinn, må testen gjennomførast som ein samtale mellom den einskilde eleven og læraren. Det er viktig at elevane opplever testsituasjonen trygg og morosam. Det kan vere ein god idé å la til dømes ei handdokka stille spørsmåla («Eg lurar på ...»). La dei aktuelle konkretiseringsobjekta liggje lett tilgjengelege heilt frå starten, nære der elevane sit. Testen bør gjennomførast ein stad der eleven er kjend med omgjevnadene. Prøv å ikkje bli forstyrra eller avbrotne av andre barn eller vaksne. Dette er eleven si kosestund saman med læraren.

- Les spørsmåla i rekkjefølgje for eleven. På dette trinnet må du ikkje vere alt for bunden av teksten. Du kan kome med ekstra spørsmål og til dømes stille spørsmåla på ei annan måte. Hugs at dette skal gje deg som lærar betre innblikk i kva eleven har skjønt av omgrep i matematikk.
- Erstatt ordet «objekt» med for eksempel bjørnar, stjerner osv., avhengig av kva de brukar.
- Dersom eleven ikkje kan svare på første del av eit spørsmål skal du ikkje fortsetje med resten av spørsmålet. (For eksempel oppgåve 6: Dersom eleven ikkje veit talet, skal han/ho heller ikkje teikne pinnar)
- Sett ein hake ved utsegna som best passar til eleven sitt svar, og skriv kommentarar på det individuelle vurderingsskjemaet.

Oppgåve 1

Kap. 2

Kan du seie meg nokre tal?

Kan du skrive nokre tal her? (Peik på Elevarket.)

Kan du lese dei for meg?

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 1 før du går vidare.)

Oppgave 2Kap. 2**Kvar kan du sjå tal ute og inne?****Kva treng vi tal til?**

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 2 før du går vidare.)

Oppgave 3Kap. 2**Kan du telje for meg? Start på «ein»?**

(Stopp når eleven gjer ein feil eller har lange pausar mellom kvart tal.)

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 3 før du går vidare.)

Oppgave 4Kap. 2**Sei meg kor mange «objekt» som ligg/står her.**

(Vis etter tur 2, 4, 7 og 12 objekt, eller kort med tydelege teikningar av objekt. Avslutt når eleven gjer ein feil.)

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 4 før du går vidare.)

Oppgave 5Kap. 2

(Legg 20 objekt utover på bordet. Stopp når eleven gjer ein feil.)

Gi meg 3 «objekt» (legg objekta tilbake i bunken)**Gi meg 8 «objekt»** (legg objekta tilbake i bunken)**Gi meg 15 «objekt»** (legg objekta tilbake i bunken)

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 5 før du går vidare.)

Oppgave 6Kap. 2**Kva for eit tal er dette? Teikn like mange pinnar som talkortet viser.**

(Vis etter tur talkort med tala 3, 6 og 10, og vis til plassen på Elevarket. Dersom elevane ikkje kan lese somme tal, les det for dei og noter det.)

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 6 før du går vidare.)

Oppgave 7Kap. 2**I kva for ein haug er det flest «objekt»?**

(Vis først haugar med 2 og 3 objekt (eller teikningar), så 7 og 8 objekt. Alle objekta må ha same storleik.)

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 7 før du går vidare.)

Oppgave 8Kap. 8

Poengter ordet *omtrent* i den neste oppgåva.

Kan du sjå omtrent kor mange «objekt» det er her?

(Vis etter tur samlingar med teikningar av 4, 9 og 18 objekt i 2–3 sekund, det vil seie ikkje lenge nok til at elevane får tid til å telje objekta.)

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 8 før du går vidare.)

Oppgave 9Kap. 9**Her er 5 «objekt»** (Vis 5 «objekt»)**Tenk deg at eg legg til 2 objekt. Kor mange blir det da?**

(Ikkje vis dei to «objekta» du legg til.)

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 9 før du går vidare.)

Oppgave 10Kap. 9**Her har vi 6 «objekt»** (Vis 6 «objekt»).**Tenk deg at eg tek bort 2. Kor mange blir det igjen da?**

(Skriv svar og kommentarar i vurderingsskjemaet for spørsmål 10 før du går vidare.)